

Miljøpolicy HS Bygg AS



Miljøpolicy HS Bygg AS

HS Bygg ønskjer med sin miljøpolicy å vere ein leiande bransjeaktør i å redusere klima og miljøbelastning innanfor vårt geografiske nedslagsfelt.

Vårt overordna mål er at alle prosjekt, tenesteytingar og produktleveransar som HS Bygg leverer og er involvert i skal bli meir miljøvenlege. Vi skal i felleskap med våre samarbeidspartnarar jobbe mot kontinuerleg miljøgevinst, og få auka forståing for dagens miljøutfordringar.

Vi forpliktar oss til å jobbe aktivt for å ta vare på det ytre miljø, derunder:

- Kontinuerleg holde oversikt over gjeldande lovverk, miljøkrav og reguleringar frå offentleg myndigheit og samtidig forsøke å gå litt lenger enn det som er minimumskrav.
- Påverke og oppfordre kundar, leverandørar, underentreprenørar og andre samarbeidspartnarar slik at dei bidrar til å oppfylle vår miljøpolicy.
- Drive aktivt og systematisk miljøarbeid der miljøpolitikken skal vere ein integrert del av selskapets styringssystem.
- Innkjøp med vekt på miljøvenleg og gjenvinningsbart materiale.
- Kontinuerleg avfallsforebygging ved å ta i bruk og legge til rette for ombruk, gjenbruk og nedstrøms håndtering av overskotsmateriale frå våre prosjekt.
- Redusere utslepp frå våre prosjekter, med spesielt fokus på energibruk, maskin og verktøypark, transport, kjemikaliebruk og avfallshandtering.
- Stadig drive kompetanseoppbygging og utvikling av eigen organisasjon for å ta vare på miljøet rundt oss